# Skiløyper

## Opheim-, Torpo- og Skaraåsen 2017



**Løypekart og info frå Torpo Skiløypelag**

www.skisporet.no/buskerud/opheimtorpo












PRIVATMEGLEREN
HALLINGDAL

# Skal du selge din fritidseiendom?

PrivatMegleren Hallingdal har tre kontorer og er eiendomsmegleren med lengst fartstid i Hallingdal.

Våre håndplukkede meglere har erfaringen, kompetansen og verktøyene til å gjennomføre det beste eiendomssalget for din fritidsbolig.

privatmegleren.no/hallingdal

June Merete Langeland, tlf. 91 12 27 71 • Øyvind Kvile, tlf. 90 03 20 01
Knut Erik Schjøtt, tlf. 46 83 26 69 • Bjørn Arne Bersvendsen, tlf. 46 67 93 11
Kristoffer T. Waage, tlf. 90 97 75 17 • Daniel Løken, tlf. 90 99 07 33
Marte Buene, tlf. 91 00 78 48

Geiloveien 48, 3580 Geilo • privatmegleren.no/hallingdal
Alfarvegen 126, 3540 Nesbyen • privatmegleren.no/hallingdal
Sentrumsvegen 130, 3550 Gol • privatmegleren.no/hallingdal

















# Torpo Skiløypelag 2017

Løypelaget arbeider heile tida for å utvikle og vedlikehalde løypenettet på Torpo/Opheimsåsen og Skaraåsen på Golsida. Dette gjeld då løypenettet frå Helsingset, Reinshovdstølen, Nystølane, Opheimstølane, Grytingen i vest til Sjauset, Narveset, Smylistølane, Habbeset, Feten og til toppen av Gol Skisenter/Skaran i aust.

Vilkåra for kommunalt tilskot til løypekøyring i Ål og Gol er at løypene skal vera oppkøyrte til visse tider. Dei minst værharde løypene skal vera oppkøyrte (ved behov) kvar laurdag og sundag frå veke 50 til veke 16 og kvar dag i vinterferie og påske når snøforholda tillet det. Me køyrer også løyper alle fredagar mellom vinterferie og påske. Det kommunale tilskotet frå kommunane blir om lag som i 2016.

**Jubileumsgave frå Ålhytta**
På løypemøtet med alle løypekretsane i Ål i november dukka to representantar frå Ålhytta opp med ei jubileumsgåve på kr 50.000.- til kvar av løypekretsane i anledning av at dei feira 50 år i år. Dei uttalte at utan dei gode skiløypene i området ville dei aldri ha seld så mange hytter som dei har gjort, difor var det naturleg å gje litt tilbake til løypelaga.

**Gode forhold**
Me hadde fine snøforhold vinteren 2016 og bruken av løypenettet har vore bra. Det tek minst 8 timar å køyre opp heile løypenettet, og dette blir gjort på tidspunkt der det er mest gunstig ut frå bruk og værforhold. Dei tre akebakkane i løypeområdet er svært populære, på Nystølane innanfor Helsingset, mellom Hovdestølen og Sjauset og i Økne/Venehaugområdet. Grillhytta med utedo ved Venehaug er også svært populær. Dei andre akebakkane er og tilrettelagt for rasting med bord eller gapahukar. Hugs at all aking og løyping er på eige ansvar, og benytt utsette søplekasser, og unngå å grise til i naturen.

**Sommarvedlikehald**
Det er ein kontinuerleg prosess å krattknuse, hogge og halde traseane i orden om sommaren og dette høyrer også under løypelaget sine gjeremål og budsjett. Før årets sesong er traseane utbetra mellom Gaurhovd og Gravastølane og Gaurhovd-Volelia. Dessutan blir den nye uværsløypa i Helsingsetområdet finplanert.

**GPS-oppdatering av løypenettet**
GPS-sendar i alle løypemaskinene i Ål, Hol, Gol, Nes og Hemsedal gjer at du kan gå inn på internett og sjå kva for løyper som er nyoppkjørte. Alle desse områda finn du på www.skisporet.no, www.al.no, eller www.hyttavaar.no Dersom de er ute i løypene når trøkkemaskinen kjem, gå godt til side og pass på borna så me unngår ulykker med dei kraftige maskinene.

**Økonomisk støtte til løypelaget**
Torpo skiløypelag har i alle år fått god støtte frå brukarane, og stor dugnadsinnsats gjer at me har greidd å oppretthalde eit av dei beste løypenetta i Hallingdal. Den absolutt viktigaste inntektskjelda til Torpo Skiløypelag er brukarane sine innbetalingar, og utan desse tilskota ville det ikkje bli rare løypene. Slarverennet er og ein god bidragsytar, men i 2016 måtte det flyttast til Golsfjellet grunna dårleg vær så då vart tilskotet herfrå noko mindre i 2016. Eit initiativ frå nokre hytteigarar i Økneområdet har kome med forslag om ei eingongsinnbetaling på 10.000.- kroner frå alle hytteigarar til utvikling av løypenett, stigar og liknande tiltak. Saman med Torpo Utmarkslag blir det arbeidd med denne saka.

Dersom det er noko du ynskjer å ta opp med løypenemda, så er du velkomen til å kontakte ein av oss direkte på telefon.

***God tur!***

***Helsing Torpo Skiløypelag***

| | |
|---|---|
| Ove Thorshaug | Tlf 90 73 21 42 |
| Mariann Eikrehagen Hefte | Tlf 95 20 41 56 |
| Iver Svare | Tlf 90 03 63 40 |
| Erling Lio | Tlf 90 80 16 49 |
| Ola Halvar Jorde | Tlf 90 55 63 98 |
| Ola Sletto<br>*Løypekjører* | Tlf 90 03 64 42 |

Jorde
Bygg & Maskin AS
Mob: 90 55 63 98 - www.jordebygg.no
Totalentreprenor - Graving - Hytter - Hus

• Alt innen transport
• Kranbiler
• Krok - kontainer for utleie
Tlf. 32 07 52 68 - Faks 32 07 59 53 - post@broeto.no
BRØTO Transport a/s
3550 Gol



Hefte
MASKIN
- Graving - Transport - Vaktmestertjenester -
- Støyping/grunnarbeid -Tilbygg/nybygg -
www.heftemaskin.no - post@heftemaskin.no – Tlf.91805488

# Skismøring

Smøretips ved Ole Bjørn Tretterud - skismører og produktutvikler for Swix og verdens beste skiløpere....

Utstyr som ein vanleg turløpar treng: Skrape, kork, nokre filler (fiberline), blå, -fiolett- og raud spesial voks, grunnklister spray raudt- og universalklister, samt skirens.

For dei som ynskjer ei rask og enkel løysing har Swix 3 variantar av "Grip Spray". Alle tre voksane kan brukast på tørt føre, med nysnø eller finkorna snø.

-Få vekk all gamal smøring dersom skia ikkje er brukt på ei tid. Bruk skirens og skrape og tørk bort med ei fille (fiberline).

-Rubb opp smøresona med sandpapir korningsgrad 100. Smøresona er frå helkappa på bindingen og ca 70 cm midt under skia.

-Smelt inn eit lag med blå voks dersom det er tørr snø.

-Oppå dette laget kan du leggje 4-5 lag av smøring som passar dagens temperatur.

-Tørrvoks må gniast godt ut med kork.

-Ved skare bruk alltid grunnklister spray i botn, så universalklister evt. raudt.

For fuktig, grovkorna snø finst også ein enkel spray. Quick klister.

-Bruk glider foran og bak på skia om du ynskjer ekstra god gli. Glider (pasta) finst også på sprayboks.

## Valg av ski

Skal du berre gå i oppkjørte løyper vil nok tur- eller langrennski vera det riktige. Lengda på skia bør ikkje vera meir enn ca 20 cm lengre enn skiløperen. Skia må vera såpass mjuke at ein får trykt midten heilt ned i sporet og dermed oppnår godt feste i fråsparka. Ta deg tid til å smøre om dersom føret skiftar. Smørefri ski er eit godt alternativ, spesielt rundt 0 grader med fallande nysnø.

**God tur!**

MAXBO

Geilo - Gol - Nesbyen

Tlf.: 06292 • www.maxbo.no



**Kontakt oss når du treng røyrleggjar**
**- me har fagkunnskap og kan hjelpe deg!**

I butikken vår finn du mykje fint baderoms-utstyr til både heim og hytte! Ver velkommen!

Bade miljø BEST PÅ BAD

**Nordheim VVS AS**

Sundrevegen 176, 3570 Ål • Tlf. 32 08 63 00 • Nordheimvvs@bademiljo.no

**OPNINGSTIDER:** Måndag-fredag 1000-1630 • Laurdag 1000-1400

Med riktig utstyr blir turen en større opplevelse!

LIE SPORT & FRITID
sport 1
GOL
32 07 40 27

Vi har utvalget!




**Alt som gjelder Volvo. Og litt til.**
Ring oss på telefon 08555, chat med oss på bilia.no og følg oss på facebook.com/biliagol

bilia

# Torpo Skiløypelag 2016

**Utdrag av rekneskapet for 2015 og 2016**

| **Inntekter:** | **Rekneskap 16** | **Rekneskap 15** |
|---|---|---|
| Tilskudd fra private | kr. 515.433,00 | kr. 531.828,00 |
| Kommunetilskudd | kr 156.141,00 | kr. 125.623,00 |
| Sponsorinntekter | kr. 57.160,00 | kr. 50.400,00 |
| Tilskudd frå andre | kr. 107.193,00 | kr. 55.166,00 |
| Sum driftsinntekter | kr. 835.927,00 | kr. 763.017,00 |

| **Driftskostnader:** | | |
|---|---|---|
| Utgifter til løypekøyring | kr. 559.500,00 | kr. 644.439,00 |
| Gåver | kr. 950,00 | kr. 0,00 |
| Leige av hall | kr. 5000,00 | kr. 5.000,00 |
| Drivstoff | kr. 0,00 | kr. 0,00 |
| Utgifter løypenettet | kr. 78.176 | kr. 89.236,00 |
| Regnskap | kr. 1.485,00 | kr. 2.080,00 |
| Gebyr | kr. 99,00 | kr. 218,00 |
| Administrasjon | kr. 1.509,00 | kr. 515,00 |
| Lønn/honorarer | kr. 11.000,00 | kr. 11.000,00 |
| Diverse utgifter | kr. 763,00 | kr. 1000,00 |
| Årsmøte | kr. 2.664,00 | kr. 2.363,00 |
| Sum driftskostnader | kr. 661.528,00 | kr. 755.851,00 |
| Årets underskot/overskot | kr. 174.399,00 | kr. 7.166,00 |

*Regnskapet for 2016 er foreløpig, då ikkje alle utgiftene var kome med då dette gikk i trykken fyrst i januar. Jubileumsgave frå Ålhytta på kr 50.000.- i samband med deira 50-årsjubileum er med i inntektene for 2016. Dette beløpet blir brukt til investeringar i løypenettet framover. Det vart lite løypekøyring før jul og nyttår i 2016, difor er utgiftene til løypekjøring mindre enn i fjor. Me har såleis litt pengar til å vidareutvikle løypenettet framover.*

*Løypelaget har inngått ny kontrakt med løypekøyrarane Iver Svare og Ola Sletto for dei neste 3 åra frå 1/1 2017.*

## Brukarane er viktigaste inntekstskjelda

Torpo Skiløypelag har i alle år fått god støtte frå brukarane av løypenettet, noko som gjer at me kan oppretthalde dagens løypestandard og vidareutvikle løypenettet. I vinter skal det og bli kjørt løyper alle fredagar frå vinterferie til og med påske dersom det er nødvendig.

Tusen takk til alle sponsorar, dugnadsmannskap og brukarar av løypenettet som støttar løypelaget økonomisk. Konto for løypebidrag er 2324 07 13365.

## Kom innom vår butikk nedenfor Glitre Stadion på Gol

- Små og store firehjulinger
- Snøscooter
- Snøfresere
- Gressklippere
- Motorsager
- Elektrisk gjerde
- Såfrø og gjødsel

A·K TraktorService

Husøynvegen 11, 3550 Gol
Tlf. 32 07 41 96

## Graving og transport

- Knuste masser
- Natur pukk og veggrus
- Matjord og fyllmasse
- Små og store graveoppdrag

**Evjen og Storlien DA**

3579 Torpo
Tlf.: 915 45 280
977 30 563

## Strøm Service A/S

Enden 5, 3550 Gol **Tlf. 32 07 76 66** Fax 32 07 71 69

Alt i elektriske installasjoner



- **BOLIGER**
- **HYTTER**
- **INDUSTRI**
- **LANDBRUK**
- **EL. SJEKK**

AUTORISERT ELINSTALLATØR

elkonor

**www.strømservice.no**
**E-post: st-serv@online.no**



## Utvida båndtvang i Ål.

Den 28. mai 2015 vart det gjort endringar i forskrift om hundehald i Ål kommune. I § 3 heiter det: Det er bandtvang i maskinpreparerte løyper heile skisesongen. Det er bandtvang i fylkesanlegget for skiskyting på Liatoppen. Dersom nokon har med seg hund i maskinpreparerte skiløyper, skal denne ikkje vera til hinder for andre brukarar. Det er båndtvang heile året i tettstader, bustadområde, område regulert til offentlege føremål og tilrettelagte friluftsområde. I § 4 heiter det at hundehaldar pliktar å fjerne avføring av hund også i skiløyper. Dessutan er det ordinær bandtvang frå 1. april - 20. august. Heile forskrifta finn du på:
http://www.aal.kommune.no/Tjenester/Natur-og-miljo/Forskrift-om-hundehald-i-Al-kommune/
http://www.gol.kommune.no/Tjenester/Natur-og-miljo/Friluftsliv/

**Me oppfordrar alle hundeigarar til å halde hundane i band i maskinpreparerte skiløyper til eikvar tid.**

## Hundedrit i løypa

Mange er flinke til å ta med seg ekskrementer frå hundar som gjer frå seg i løypene, og det bør vera sjølvsagt for alle. Likevel får me klager frå skiløyparar som ser at hundeposane blir hengt att på løypestikk eller slengt att langs løypene. Me oppmodar alle hundeeigarar til å ta med hundeposane heim eller til søplekassene i løypenettet!!

**Dei maskinpreparterte løypene er ikkje beregna for hundespannkøyring**

**Her finn du GPS oppdatering av løypenettet vårt:**
**www.skisporet.no/buskerud/opheimtorpo**
**www.al.no • www.hyttavaar.no**
**GPS oppdateringa er nedlastbar til smartphone!**

# Våre fagfolk utfører for deg

- Installasjon
- Service
- Ettersyn
- Varmestyring
- El-sjekk

AUTORISERT ELINSTALLATØR

*Elektroservice Hallingdal Installasjon AS*

| | |
|---|---|
| Geilo | Tlf. 32 09 59 60 |
| Gol | Tlf. 32 07 99 50 |
| Ål | Tlf. 32 08 61 70 |

elfag

E-post: post@ehi.no

ELFAG - NÅR DU TRENGER ELEKTRIKER


## Værstasjon Øknin:

http://traktorservice.no/no/html/oknin/

## Følg oss på facebook:

Torpo Skiløypelag

### Webkamera

Du kan gå inn på internett og sjå på veret i løypeområdet.

Det er sett opp webkamera på Øknin.

Du finn kameraet på:

**http://traktorservice.no/no/html/oknin/webkamera/**

*Sponsa av Hallingdal Hytteservice AS og Traktorservice AS, Gol*


# Enklere hverdag

Samle dine finansielle tjenester på ett sted

Vi tilbyr tjenester innen:

- forsikring
- bank
- regnskap
- eiendomsmegling



03202

SpareBank 1
HALLINGDAL VALDRES

## Snøskredfare

I høgfjellet er det alltid skredfare, også i skogområde har det gått skred på utsette plassar. Faren for skred vil vanlegvis avta utover våren med mildvær, men ein bør vera på vakt, særleg i aust og vestvendte fjellsider.

Ein bakkehelling under 20 grader er ufarleg. Det går sjeldan ras i skråningar som er under 30 grader. Det sikraste er å gå midt over dei høgaste toppane. Unngå også å gå under overhengande skavlar, desse kan løsne av at du går under.

Dersom ein blir gravd ned av eit snøras har ein små sjansar til å overleva etter dei første 15 minuttane. Det oppstår fort oksygenmangel og då gjeld det å ikkje kava seg opp. Skulle du vera så uheldig å utløyse eit skred så prøv å koma deg så langt unna sentrum av skredet som mogeleg.

Informasjon om snøskredfare og isvarsler blir oppdatert dagleg på **www.varsom.no**. Sjå etter varslingsområde Hallingdal.

## Usikker is

Mange vatn og bekkar kan ha dårleg is og overvatn.
Følg merka løyper og unngå område du er usikker på. Særleg på førjulsvinteren er ofte bekkar og myrer opne.

## Tips til småbarnsforeldre

- ha godt med klede på barn i pulk, dei sit roleg og frys lett
- ta med varm drikke og gjerne ein sjokolade som "premiering" for flott skiløyping
- gå heller fleire småturar enn ein lang "uoverkommeleg" tur
- la alltid den yngste og minst erfarne løyparen bestemme farten
- skaff borna riktig utstyr, og smør skia slik at ein går lettast mogeleg og blir glad i skigåinga.
- legg gjerne inn akepauser der dette er naturleg.

*Ha ein god og sikker fjelltur!*



# Torpoåsen

## - Unike tomter midt i løypenettet, 1000 m.o.h. - Gaurhovd/Gravastølane



**Prisant. fra kr.:** 595 000,-
inkl. vei, strøm, vann og kloakk

| | |
|---|---|
| **Omkostninger:** | Ca. 2,7% |
| **Tomt ca.:** | 1 000 kvm. |
| **Eierform:** | Eiertomt |
| **Kontakt:** | Ingrid Soldal |
| **Telefon:** | 32 02 99 00/948 14 071 |
| **Finn kode:** | 31862150 |
| **Visning:** | Etter avtale med grunneier eller megler |
| **Tlf. grunneiere:** | 907 32 142 / 926 55 024 |
| **Fasiliteter:** | Topp skiløypenett, turstier, sykkelveier, lang kveldssol, muligheter for fiske, 30 min. til Gol eller Hemsedal skisenter |

eiendomsmegler1.no

EiendomsMegler 1



**HAUGEN MASKIN Entreprenør 3550 GOL**

- Snøscootertransport
- Salg av tørr bjørkeved

**Tlf.: 32 07 45 03**

**Mob.: Knut Terje:**

**905 60 025**

• GRAVING • TRANSPORT

GODKJENT FOR ANSVARSRETT

Gol Grafiske





# SKILØYPER
# Votndalsåsen



# SKILØYPER på Opheim Torpo- og Skaraåsen





Skiløyper på Opheims-, Torpo- og Skaraåsen
1. Uværsløypa
2. Fjelløypa
3. Buhovd-Gaurhovdrunden
4. Voleliløypa
5. Skaraåsløypa
6. Skaranrunden
Andre preparerte skiløyper
Løypenettet på Votndalsåsen
Tidvis preparerte skiløyper
Brøyta veg
Brøyta privatveg
Rasteplass og akebakke
Parkering vinter
Kiosk i påske
Utgjeve 2017
Ekvidistanse 20m
Kart utarbeida av Ål kommune
N
Sjauset
Grønlio
Hemsil
RV52
Robru
Stuveset
Smylistølane
Snuforinkje
Habbeset
Engeset-
hovda
Øy-
gardan
Skarda-
åsen
Syningen
Nystølane
Feten
Spildra
Ny nedfart
for turski
Gol
Skipark
Til Gol
ehovda
Pålset
Finnesgarden
Finnegards-
natten
Rotneim
Tuppeskogen
Til Gol
RV7
Til Ål
Lien
Liaberget
Sire
982
1018
965
1047
1018
952
946
784
732
2.3
1.8
2.3
1.7
1.3
2.1
2.1
1.6
1.1
3.5
1.5
1.5
5
6




Torvtak for alle typer bygg!

Med våre torvplater får du et naturlig grønt tak med minimalt vedlikehold, og som prismessig er konkurransedyktig med andre takløsninger!

Kontakt oss for flere opplysninger!

Hallingdal Hytteservice a.s
3579 Torpo Tlf 3208 6680

Thor Røer, 3579 Torpo

**Vi har byggeklare hyttetomter på Torpoåsen og andre populære steder!**




# BLI MED OSS Å BYGGE LANDET

Nettpartner Bane AS bygger og vedlikeholder kjøreledningsanlegg på jernbanenettet i hele Norge. Med frisk satsing på jernbane fremover ønsker vi å komme i kontakt med dyktige fagfolk som kan tenke seg å jobbe med jernbane.

***Følgende funksjoner er aktuelle:***

- PROSJEKTLEDER / ANLEGGSLEDER
- KL MONTØRER / ENERGIMONTØRER

Er du nysgjerrig på hva vi kan tilby, nøl ikke med å ta kontakt.
Du finner mer informasjon om oss www.nettpartner.no

***Kontakt oss på:***

banestrom@nettpartner.no, eller på telefon til Ole Jonny: 952 16 304, eller Kenneth: 951 57 201

Nettpartner

# Akebakkane er populære blant dei yngste

Torpo skiløypelag har etter kvart fått opparbeidd 3 akebakkar langs løypenettet. Desse blir oppkøyrt med løypemaskinene så snart som snøforholda tillet det om hausten. Den fyrste akebakken vart etablert ved parkeringsplassen på Nystølane innanfor Helsingset.

Her er det ein gapahuk der ein kan sitja under tak og kanskje laga eit lite bål. Her er det også bord der ein kan raste og då er det fint at de brukar oppsette søplekasser eller tek med avfall heim. Denne akebakken ligg berre 100 meter frå parkeringsplassen og har difor veldig lett adkomst for dei som ikkje er så glad i å gå på ski.

## Grillhytta ved akebakken på Økne/Venehaug

Den andre akebakken ligg i området Venehaug langs løypa mellom Økne og Ringhovd nokre hundre meter aust for parkeringsplassen på Økno. Her er det laga ein ny liten akebakke for dei yngste, og grillhytta har plass til ca 20 personar. Her kan de fyre opp bålet og grille og kose dykk. Ta gjerne med ved sjølv, det er litt ved i hytta, så viss de brukar den, så gje gjerne eit lite bidrag til løypelagskontoen.

Den tredje akebakken ligg mellom Hovdestølen og Sjauset rett nedunder Hamnasjel. Her er det også sett opp ein gapahuk for dei som vil ta ein ekstra pust i bakken.

**All aking er sjølvsagt på eige ansvar og alle må vise omsorg for kvarandre slik at ingen blir påkøyrt i akebakkane.**



**joker TORPO** 3579 Torpo - Tlf 32 08 31 07
joker.torpo@joker.no

**Åpningstider:**

| | |
|---|---|
| Mandag-fredag | 08.00-20.00 |
| Lørdag | 09.00-18.00 |

*Bestill gjerne varer på mail eller telefon*

NORSK TIPPING

*Bruk nærbutikken*

joker *– helt i nærheten*



**Montér**

**Alt du trenger til hus og hytte!**



Montér Geilo • Tlf 31 40 01 30
Montér Ål • Tlf 31 40 01 20
Montér Hemsedal • Tlf 31 40 01 10
Montér Gol • Tlf 31 40 00 00
Montér Nesbyen • Tlf 32 07 23 00
www.monter.no



# Best på bad!

## Vi kan tilby alt innen baderom/røropplegg

- Fuktsikring
- Flis
- Vi tegner bad
- Vannboren varme
- Varmepumpe anlegg
- Sentral støvsuger
- Vi tar hele ansvaret
- Fagmessig utført arbeid i forhold til gjeldende krav og normer
- Sentral godkjenning

**Kom også innom vår forretning i Sentrumsv. 10 og se vår utstilling!**

Bade miljø BEST PÅ BAD

**VVS Miljø AS**

3550 Gol - Tlf.: 32 02 97 70

## Støtte frå brukarane den viktigaste inntektskilda til Torpo Skiløypelag

Responsen på utsendinga av løypeinfoen med giro var svært god også i 2016.

Kvart år har me trekt ut ein vinnar blandt dei som har betalt løypetilskot innan 15. februar. For 2016 vart det Knut Rideng, Oslo, som vann ei hyttebok frå Fjellmøbler på Torpo.

I 2017 er premien eit utskjært fat, laga av Arild Liodden på Gol.

Alle som har betalt eit løypetilskot innan 15.2.17 til konto 2324.07.13365 er med i trekninga.

**Tusen takk til alle som har støtta og støttar laget sitt arbeid, utan brukartilskot blir det ingen maskinpreparerte løyper i området!**

*Dette flotte fatet kan få hengja på hytteveggen din dersom du betalar løypetilskotet før 15.2.2017.*





## Tilkomst til løypeområdet

Det er mange vegar inn i området for løypenettet på Torpoåsen/Skaraåsen. Dersom me startar lengst mot vest kan du køyre opp Oppheim mot Helsingset med parkering på Veslestølen og Nystølane. Eller du kan køyre mot Øknin med god parkeringsplass, eller til Ringhovdstølen. Vidare kan du køyre opp forbi Lien (Ål Vidaregåande skole) i Torpo til parkeringsplassar nedanfor Syningen. Frå Gol kan du køyre opp vegen til Flatagrov og her er det opparbeidd P-plass ved Skaran på toppen av Gol Skipark. Du kan sjølvsagt og ta heisen opp til toppen, og då er du i løypenettet med ei gong.

Du kan og køyre til Grønliane, og enten ta opp Smylistølvegen ved Haugen og parkere på Smylistølane, Snuforinkje eller Habbeset, eller køyre Sjausetvegen lenger inn i Grønlia og parkere ved Sjauset, Hovdestølen eller Narveset. Alle tilkomstvegane er bomvegar så du må hugse å ha med deg pengar til automatbommar og bomkasser. Fleire av vegane er brøyta lenger enn til dei anviste parkeringsplassane, men dette er då kun for køyring til private hytter og ein har ikkje plass til dagsturistar.

**joker ROBRU** 3550 Gol - Tlf 32 07 75 05

**Vanlige åpningstider**

| | |
|---|---|
| Mandag-fredag | 08.00-20.00 |
| Lørdag | 09.00-18.00 |
| Søndag | 11.00-18.00 |

**Åpningstider i påsken 2017**

| | |
|---|---|
| Fredag 7. april | 08.00-20.00 |
| Palmelørdag | 09.00-18.00 |
| Palmesøndag | 11.00-18.00 |
| Mandag/Onsdag | 08.00-20.00 |
| Skjærtorsd/Langfred | 11.00-18.00 |
| Påskeaften | 09.00-16.00 |
| 1. påskedag | 11.00-18.00 |
| 2. påskedag | 11.00-18.00 |

**BLIKKHUSET Hallingdal AS**
3550 Gol

MESTER
GODKJENT FOR ANSVARSRETT

- Blikkenslagertjenester
- Tak og takrenner • Veggplater
- Ventilasjons- og varmegjenvinningssystem
- Snøfangeutstyr

Åpningstider: mandag - freadg 07 - 15 (eller etter avtale
Sentrumsv. 22, 3550 Gol • Tlf 32 07 58 60 • Fax 32 07 58 62
www.hallingblikk.no • Mail: post@hallingblikk.no

**Maskinentreprenør**
Ola Dramstad

Treng du liten beltegravemaskin eller traktortransport i Økneområdet eller Opheimsåsen i sommar - ring meg.

Salg av bjørkeved

GODKJENT FOR ANSVARSRETT

3579 Torpo - Mob. 957 01 211 - 32 08 32 34

**Oddvar Øygard as**

**PUKKVERK - MOBILKNUSING - TRANSPORT**




- Pukkverk Hol – Ål – Gol
- Mobile Knusverk
- Transport av maskiner og utstyr
- Levering av knuste masser i hele Hallingdal

Telefon 32 08 13 95 • 970 92 942 • post@pukkverk.no • www.pukkverk.no

## Stølsdagen på Gaurhovd laurdag 5. august (kl. 11.00-14.00)

Målet er å halde vedlike gamle stølstradisjonar: koke mjølkeprim, laga dylle og saupsuppe og kinne smør. Sal av rummegraut, rumme, ystil, kvikaku og lappar. Konkuransar i ballkast og hesteskokasting. Spennande husflidsaktivitetar og ljåslått, småarbeid for ungane og gratis køyretur med hest og vogn. Dans og spel ved Hugnad Ungdomslag. Årets stølsdag er nummer 29. i rekka! Stølsdagen er open for alle, gratis inngang.



## Rebusløp på Gaurhovd Skjærtorsdag

Då Kiosken på Gaurhovd feira 50 år for to år sidan vart det arrangert rebusløp for heile familien. Dette har no blitt ein tradisjon, og Skjærtorsdag 13.april kl 12.00-14.00 blir det REBUSLØP ved Kiosken på Gaurhovd for heile familien. Det er gratis å delta, og du kan vinne gavekort frå Intersport på Gol.

## Gaurhovdrennet – 45 år

Gaurhovdrennet har start og mål på Liatoppen Skisenter og er 25 km langt løp i klassisk stil. Trimløyper frå 5 km for dei yngste. Gaurhovdrennet er i år sundag 26. februar, start kl. 12.00. Arr. Torpo idrettslag
For fleire opplysningar www.skirenn.com/gaurhovdrennet.

## Slarverennet laurdag 25. mars

Slarverennet er eit skirenn for jenter i alle aldrar som går frå Holdeskaret i Hemsedal og over til Smylistølane i Gol. Dette er eit uformelt skirenn på ca 30 kilometer utan tidtaking.

Formålet med Slarverennet er å motivere til fysisk aktivitet sammen med andre jenter, og nyte ein fantastisk skitur i flott natur. Antal deltakarar aukar kvart år og i 2017 er det 7. gong Slarverennet blir arrangert, og i år er det eit tak på 3500 deltakarar. Påmelding på www.slarverennet.no Nytt av året er Stuttslarven, ei kortare løype frå Nystølane innanfor Helsingset, via Tjukketjørr og til mål ved Smylistølane. Det blir i år egen rennbutikk i stort telt i Gol sentrum frå torsdag til sundag. Etter rennet er det afterski ved Pers Hotell. Rennet går i løypene til Torpo Skiløypelag og delar av overskotet går til løypelaget, noko me takkar så mykje for.

**Gjer som løypekjørarane, kjøp diesel frå**

Esso

Vidar Sletto AS
Hemsedalsvegen 667 - 3550 Gol
Tlf. 900 16 274

**Pumpeanlegg på Gol, Ål og Hemsedal**

---



**HENDUG**
BYGG AS



HUS, HYTTER OG ANNEKS I REIS, STAVLAFT OG LAFT
MINDRE SNIKKAROPPDRAG, REHABILITERING, INNREIING,
OMBYGGING OG TILBYGG

WWW.HENDUG.NO - 32 08 59 40 - POST@HENDUG.NO

---

**• Alt innen graving • Utleie av minigraver**
**• Sprenging • Transport**
**• Jord • Grus • Pukk**

**TURHUS**
**MASKIN AS 3550 GOL**
Tlf.: 32 07 52 10 - 90 59 23 22 - 90 97 05 78

**Alt innen graving • Sprenging • Transport**

**www.turhusmaskin.no**

Mob. Per:
905 92 322
Mob. Arne:
909 70 578

GODKJENT FOR ANSVARSRETT

Fax. 32 07 75 80 • E-post: pturhus@frisurf.no



# KIOSKEN PÅ GAURHOVD ER ÅPEN I PÅSKEN

**og på Slarverennet 25. mars.**

**Rebusrenn for hele familien skjærtorsdag fra kl. 12.00**

**Brus - varme drikker**
**vafler - varme pølser - sjokolade**
**skismøring m.m.** **Vi har bankterminal**






Har du behov for en **elektriker** hjemme, på hytta eller på jobben?

Da kan vi hjelpe deg uansett størrelse på jobben!

Din lokale elektriker som har levert kvalitet i 50år.

KVALITET I 50 ÅR 50 1966 - 2016

Ta kontakt med oss

Ål Installasjon

Telefon: 32 08 19 99
post@aalinst.no www.aalinst.no Medlem av elkonor

# VI UTFØRER ALT INNEN:

- MURARBEID
- SKIFER OG STEIN
- PEISER OG PIPER
- FLISARBEID

TA KONTAKT FOR TILBUD – BESØK VÅR HJEMMESIDE

MESTER Håndverksmur

MURMESTER MARKUSSEN AS
3550 Gol • Tlf: 95 28 10 49
www.murmestermarkussen.no
Narvebrøten 32, 3550 Gol. Tlf. 32 07 59 03, Mob. 95 21 74 28, Fax 32 07 53 16

# Utnytt parkeringsplassane og betal bompengar

På gode utfartsdagar er det ofte trongt om parkeringsplassane ved dei ulike startpunkta for løypenettet. Ein ser ofte svært egoistiske parkeringar der enkelte parkerar langsmed vegen og tek tre plassar i staden for ein. Parker alltid ut og inn på plassane dersom dette er mogeleg! Ved store snøfall kan det også vera vanskeleg for snøbrøytarane å halde plassane oppe, hjelp derfor til så du ikkje parkerar slik at du er til hinder for brøytinga. Brøyteutgiftene på tilkomstvegane til skiløypenettet har auka mykje dei siste åra, derfor er det viktig at alle betalar bomavgift når de reiser til fjells.




Det er enkelte vegar som er brøyta lengre enn til dei felles parkeringsplassane. Dette er vegar til enkelthytter og brøytinga her blir betalt av hytteeigarane sjølve. På desse plassane er det ofte dårleg med parkering og snuplass, så hald deg til dei store felles parkeringsplassane dersom du ikkje har eigen parkeringsplass.

**Avpass farten på fjellvegane, dei er ikkje bygd for å kunne møtast overalt.** Svært mange utforkøyringar og bulker kan unngåast ved lågare fart!

Bruk sunn fornuft og kom deg til fjells på ein trygg måte!

# Til snøscooterkøyrarar!

Det er til tider noko køyring med snøscooter i området for løypene våre. Me oppmodar alle snøscooterkøyrarar om å halde seg til transportløypene som går på andre sida av merkestavane, slik at skiløypene ikkje blir øydelagte. Unngå også unødvendig kryssing av skiløypene, all kryssing med snøscooter o.l. må skje tvers over løypene.



# Til skiløyparane!

Dei aller fleste er flinke til å ta med seg søppelet heim etter rasten, men av og til ligg det att alt frå appelsinskal til flasker ute i naturen. Ved nokre av løypekryssa har me sett opp søplekasser som de meir enn gjerne må bruke.
Bruk løypenettet og god tur!


Planer om egen hytte?
Ta kontakt!
Vi tilbyr fantastiske utsiktstomter på Øknin;
Solrikt, høyt og fritt beliggende.
Tegning – Bygging
Prosjektering
SLETTO BYGG AS
www.slettobygg.no
Elvevegen 4, 3550 Gol
Tlf. 32 08 64 40
MESTER

# S-CROSS SUV 4X4

## HØYERE · KRAFTIGERE · STERKERE




**S-Cross SUV 4x4 fra 324.900,-**
**Automatgir + 15.000,-**

EURO NCAP ★★★★★








**Firehjulstrekk** | **440 liter bagasjerom** | **Automatgir**

## SKYTECHPAKKE:

Panorama soltak - Skinn seter - 17” alu. felger - Krom grill - Tåkelys - Takrails sølv - Mørke ruter fra B-Pilar
Auto. 2 sone klimaanlegg - Hill hold control (HHC) - Lakkerte dørhåndtak/Speil (el.oppvarmet og innfellbare)
Skinn multifunksjonsratt (radio/telefon/ACC) - Ryggekamera - Radio/Navi/Bluetooth/USB (DAB+) med 7 høytalere
Smartphone link - Apple Car Play/Mirror Link - Norsk Tectyl - Adaptive Cruise Control (ACC) / Radar Break assist
LED kjørelys - LED nærlys - LED fjærnlys - LED baklys - Parkeringssensor foran/bak - Startknapp/nøkkelfritt system
Regnsensor - Auto. blendbart innvending speil

**VERDI 79.000,- INTRODUKSJONSKAMPANJE 25.000,-**

## SPAR 54.000,-

# GOL AUTO

**HUSØYNVEGEN 3, 3550 GOL**
**TELEFON: 32 07 36 33**

SUZUKI
Som skapt for norske forhold!
www.suzuki.no

Christian Snare Reklame, Ål

Veil. Priser inkl. mva levert Drammen. Frakt kommer i tillegg. CO2 119-128. Forbruk blandet kjøring fra 0,53-0,57l